

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 11.05.2010
Sakhandsamar: **Ingvill Skogseth**
Saka gjeld: **Statistikk frå Norsk pasientskadeerstatning 2009**

Arkivsak
2004/576/
Styresak 064/10 O

Styremøte 01.06. 2010

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Statistikkrapportane frå Norsk pasientskadeerstatning er eit bidrag til helseføretaka sitt eige arbeid med skadeførebygging og pasientsikkerheit.

Helse Vest har hatt ein stabil saksinngang i denne femårsperioden, med ein differanse på berre 21 saker mellom lågaste og høgaste antall per år. Helse Vest er det einaste regionale helseføretaket som totalt sett har hatt ein nedgang i saksmengda frå 2008 til 2009.

Det har vært ei auke i utbetalingane frå 2008 til 2009. Helse Vest har hatt ein auke i utbetalingane på 45 prosent. Hovudårsaka er at fleire eldre og store erstatningssaker i samband med fødsler kom til utbetaling i 2009. Utbetalingar ved det enkelte helseføretak kan og variera mykje på grunn av tilfeldige variasjonar.

For Helse Vest er det i femårsperioden fatta i underkant av 2300 vedtak om medhald eller avslag. Medhaldsandelen er 34 prosent.

Fakta

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) har utarbeida statistikk for 2009 over erstatningskrav knytt til pasientskader for dei regionale helseføretaka. Statistikken viser også tal for femårsperioden 2005 til 2009. Tala er presentert per helseregion og fordelt på dei aktuelle helseføretaka.

Statistikkrapporten er meint å vera eit hjelpemiddel for skadeførebyggande arbeid i helseføretaka.

Rapporten er tilgjengeleg på www.npe.no

Det gis her ei kort orientering om hovudinnhaldet i rapporten.

Kommentar

Mottatte saker

NPE har i tidsrommet 2005 til 2009 mottatt 14 000 krav om erstatning som gjeld behandling ved dei fire regionale helseføretaka. Etter eit par år med ein viss stagnasjon i saksinngangen, auka saksmengda med åtte prosent frå 2008 til 2009 då det blei registrert 2870 nye saker knytt til helseføretaka.

Helse Vest har den nest største andelen saker med 19 prosent av totalen for heile landet (2600 saker) dei siste fem åra. Helse Bergen har 40 prosent av sakene i Helse Vest, mens Helse Stavanger har den nest største andelen i 2009 med i overkant av 20 prosent av sakene.

Helse Vest har hatt den mest stabile saksinngangen i denne femårsperioden, med ein differanse på berre 21 saker mellom lågaste og høgaste antall per år. Helse Vest er også det einaste regionale helseføretaket som totalt sett har hatt ein nedgang i saksmengda frå 2008 til 2009. Helse Bergen og Helse Stavanger har færre saker enn tidlegare. Faktisk har ingen av dei to hatt så få saker tidlegare i denne femårsperioden. Nedgangen er størst i Helse Stavanger.

Utbetaling av erstatningar

Erstatninga skal først og fremst dekke økonomisk tap og utgifter pasienten eller pårørande har fått som følgje av behandlingsskaden.

I femårsperioden er det totalt utbetalt 2,5 milliardar kroner. Helse Vest står for 20 prosent av denne summen (over 517 millionar kroner). Det har vært ei auke i utbetalingane frå 2008 til 2009 på 17 prosent, alle regionane sett under eit. I Helse Vest har auken vore 45 prosent. Hovudårsaka er at fleire eldre og store erstatningssaker i samband med fødsler kom til utbetaling i 2009. Utbetalingar ved det enkelte helseføretak kan variera mykje på grunn av tilfeldige variasjonar.

Gjennomsnittleg utbetaling i saker som er avslutta i 2009 er på 820 000 kroner. Dette beløpet har auka med over 100 000 kroner samanlikna med 2008. Det er stor variasjon i utbetalingsbeløpa. Dei lågaste utbetalingane er på 5000 kroner, som er minstebeløpet, mens det høgaste er på åtte millionar kroner. Pasienten sine økonomiske tilhøve og medisinske tilstand er sentrale element i berekninga av erstatninga. Det er derfor ikkje mogleg å angi eit generelt nivå på erstatninga knytt opp til bestemte skader.

Medhald og avslag

I femårsperioden 2005 til 2009 har NPE fatta vedtak i over 12 200 saker knytt til regionale helseføretak. Medhaldsandelen for klagar er 35 prosent.

For Helse Vest er det i femårsperioden fatta nesten 2300 vedtak om medhald eller avslag. Medhaldsandelen er 34 prosent.

Medhaldsandelen blant helseføretaka varierer frå 32 prosent for Helse Stavanger til 36 prosent for Helse Fonna.

Medisinsk område

Medisinsk område er registrert med utgangspunkt i den sjukdommen eller skaden pasienten blei behandla for. 71 prosent av sakene er knytt til fem medisinske områder. Ortopedi (både kirurgi og konservativ behandling) åleine står for 43 prosent av sakene. Svulstar og kreftsjukdommar står for 12 prosent, mens gastroenterologisk kirurgi, fødselshjelp og kvinnesjukdommar står for høvesvis sju, fem og fire prosent av sakene.

I Helse Vest er 70 prosent av sakene knytt til desse fem medisinske områda. Dette er samanfallande med nasjonale tal. I forhold til samletala utgjør ortopedi tre prosent færre saker i Helse Vest, og variasjonen er liten for dei andre fire gruppene.

Medhaldssakene

For at ein pasient skal få medhald i erstatningskravet, må det liggje føre svikt ved yting av helsehjelp. Nokre få krav har fått medhald på grunn av alminnelege erstatningsreglar.

I 55 prosent av medhaldssakene har NPE komme fram til at det ligg føre svikt i behandlinga. Svikt i diagnostikk/undersøking er den nest hyppigaste årsaka til medhald, mens infeksjon utgjør ein noko mindre andel. Totalt utgjør dei tre største årsakene til medhald 93 prosent av sakene.

Helse Vest ligg tett opp til landsgjennomsnittet når det gjeld andelene årsaker til medhald knytt til behandlinga som er eit prosentpoeng lågare med 54 prosent. Andelen svikt i diagnostikk er lik gjennomsnittet på 22 prosent, mens smitte eller infeksjon er eit prosentpoeng høgare enn andelen for landet.

Tema

Rapporten har gått djupare inn i to utvalte tema:

- Gastroenterologisk kirurgi
- Hofte- og kneprotese kirurgi

Innanfor fagområdet gastroenterologisk kirurgi ligg Helse Vest på landsgjennomsnittet i medhald (33 prosent).

Når det gjeld hofte- og kneprotese kirurgi har Helse Vest den lågaste medhaldsandelen med 44 prosent. Gjennomsnittet her var 49 prosent.

Vedlegg:

Norsk pasientskadeerstatning – Statistikk for regionale helseføretak 2009